

Stårheim kraftverk – Plan for kryssing av steingjerder i røyrtrasèen

I NVE-notat KSK-notat 64/2016 – Bakgrunn for vedtak for Stårheim kraftverk står følgjande: *Der rørgata skal krysse steingjerder skal åpningen gjøres så smal som mulig, og steingjerdene skal legges igjen som de var. Se ellers merknad til post 8.*

Steingjerder er avmerkt på situasjonsplan for prosjektet, teikning 100. Røyrkata krysser steingjerder ved PEL 270, PEL 920, PEL 1030, PEL 1130 og PEL 1200. Denne planen gjeld for alle kryssingar.

Sjå vedlagte prinsipp-teikning for kryssing av steingjerde, teikning 173. Bredda av kryssinga skal reduserast til eit minimum for praktisk og sikker gjennomføring, der anleggsvegen vert trekt nærast mogleg røyrgrøfta utan at dette går på bekostning av sikkerheita og faren for utrasing i røyrgrøfta. Opplegging av gravemasser må gjerast før og etter kryssing med avstand til steingjerde.

Steingjerdene skal førast tilbake til opphavsleg stand etter utført arbeid, eksisterande stein vert lagt til side og tilbakeført. Massar frå steingjerde lagrast separat, og ulike fraksjonar skal haldast avskilt. Stein frå overflata skal nyttast i overflata ved oppattbygging.

Entreprenøren må vere forberedt på å utføre tilbakelegging for hand for å oppnå eit godt resultat.

For alle kryssingar skal entreprenøren legge fram biletedokumentasjon for byggeleiar før og etter utført arbeid.

Denne planen vert gjort kjent og vil inngå som ein del av avtalen med utvalt entreprenør for prosjektet.



VEG

MIDLERTIDIG VEG

RØYRGATE

EIGEDOMSGRENSE

Rev.	Revisjon gjeld	Utført	Kontr.	Dato
Stårheim Kraft AS		Som bygget teikning	Dato	30.05.2023
Stårheim kraftverk		Arbeidsteikning	Teikn	VF
		Anbudsteikning	Kontr.	LL
		Meldeteikning	Målestokk	1:250
		Førebels teikning	Format	A3
Rørgate		Prosjekt nr.	21109	Teikning nr.
Prinsipptegning kryssing av steingjerde		173		Revisjon